

Skjervheimseminaret 2023

ADJØ SOLIDARITET?

Klasse og solidaritet er to omgrep det er blitt nokså taust om, er dei utdaterte?
Har det meining å snakka om klassesamfunn i Noreg i dag, i så fall for kven?
Korleis viser klasse att langs dei tradisjonelle politiske skiljelinjene?
Kvar ser vi solidaritet i vårt samfunn i dag? Kven treng solidaritet?

FREDAG 8. SEPTEMBER

kl. 19.00 – 20.30

Jørn Ljungren

Et klassebegrep for det 21. århundre

LAURDAG 9. SEPTEMBER

kl. 09.00 – 12.00

Marianne Marthinsen

Solidaritet som politisk prosjekt

Torbjørn Røe Isaksen

Konservatismen og solidaritet

kl. 15.30 – 18.00

Utdeling av Skjervheimprisen

Marte Hansen Haugan

Aktivisme for global solidaritet

Gulraiz Sharif i samtale med Lena Lindgren

Klasse og utenforskap i litteraturen

Konsert med **Gabriels Novgorod**

SØNDAG 10. SEPTEMBER

kl. 09.00 – 12.00

Maria Berg Reinertsen

Thomas Piketty: Hva kan rettferdiggjøre ulikhet?

Simen Sætre

Laksemilliardær – de superrike sin (definisjons-)makt

Føredragshaldarar:



Jørn Ljunggren er sosiolog og forskar ved NOVA, Oslo Met. Han har i mange år forska på klasse, elitar og makt, og har interessert seg for klasse som politisk kraft og kven den norske arbeidarklassen egentleg er. Ljunggren har gjort feltarbeid i byggebransjen, og han har forska på korleis kjønn og sosial bakgrunn slår ut for dei som prøver seg innanfor eit stadig meir konkurransedrive og marknadsorientert kulturfelt. Han har også vore redaktør for bøkene *Arbeiderklassen* (2021) og *Oslo – ulikhetenes by* (2017).



Marianne Marthinsen er forfattar, direktør i Finans Norge og tidlegare finanspolitisk talsperson for Arbeiderpartiet. Ho har et sterkt engasjement for klassespørsmål og ulikskap. I tillegg til å ha arbeida med dette som politiskar på høgaste nivå, har ho utforska tematikken både i form av sakprosa og skjønnlitteratur. I 2019 gav ho ut *Rødt lys – det store skatteranet og hvordan vi kan stoppe det* saman med Maria Walberg. I 2021 kom hennar første roman *Selveiersanger* til begeistra omtalar.



Torbjørn Røe Isaksen er samfunnsredaktør i nettavisa E24.no, der han også driv den populære podkasten *Stopp verden*. Han er ein av Norege mest profilerte samfunnsdebattantar, med lang fartstid som politiskar på toppnivå. Han har mellom anna vore leiar i Unge Høyre, stortingsrepresentant frå Telemark, kunnskapsminister, næringsminister og arbeids- og sosialminister. Røe Isaksen har også markert seg som politisk tenkar og forfattar, med fleire bøker om konservatisme, mellom andre *Hva er konservatisme* (2021).

Foto: Halgeir Vågenes, VG.



Marte Hansen Haugan er nestleiar i Changemaker, som er Kirkens Nødhjelp sin ungdomsorganisasjon. Haugan har i heile ungdomstida engasjert seg i arbeidet mot global urettferd og miljøydeleggingar. Ho er oppteken av å få fram at system som er skapt av menneske, kan endrast av menneske, og av å påverka og ansvarleggjera politikarar til å gjera langsiktige vedtak.



Gulraiz Sharif er lærar og forfattar som debuterte med romanen *Hør her'a!* i 2020. Boka vann LO sin pris for arbeidarlitteratur og debutantprisen for barne- og ungdomslitteratur og vart nominert til Brageprisen og Bokhandlarprisen. På seminaret møter vi Sharif i samtale om klasseforskjellar i Noreg i dag, fordommar, familie – og kjærleiken til litteratur. Samtalevert er **Lena Lindgren**, som er forfattar og kommentator i Morgenbladet.



Maria Berg Reinertsen er samfunnsøkonom, forfattar og journalist i Morgenbladet, og hennar siste bok er *John Maynard Keynes. De politiske konsekvensene* (2021). I sitt føredrag skal Berg Reinertsen presentera teoriane til den franske stjerneøkonomen Thomas Piketty, som vart verdskjend for sine perspektiv på ulikskap i boka *Kapitalen i det 21. århundre* (2013). Med oppfølgerboka *Kapital og ideologi* (2022) utdjuar han sine forklaringar på ulikskapsregime, og kva demokratiske alternativ som finns.



Simen Sætre er forfattar og hans siste bok er *Den nye fisken. Om temmingen av laksen og alt det forunderlige som fulgte* (2021), som han skreiv saman med Kjetil Østli. I denne boka tar forfattarane for seg den raske framveksten av oppdrettsnæringa, som er ein politisk ønska vekst, og dei diskuterer det kontroversielle med dette, mellom anna knytt til dyrevelferd og miljøkonsekvensar.